



Sokneprest Kjersti Brakestad Boge ynskjer alle velkomne til friluftsgudsteneste på Skorpo. Bilete er frå Beinavikjo, men hugs at skyssen går frå Sandakaaien.

Den årlege friluftsgudstenesta på Skorpo er lagt til fyrstkomande søndag kl. 12.00. Sokneprest Kjersti Brakestad Boge er prest og elles vert det lokale innslag med musikk og tekstlesing. Skyssen går frå Sandakaaien med fyrste avgang kl. 11.00.

Gudstenesta på Skorpo går tilbake til 1990 talet. Då var Tor Øystein Holm sokneprest i Kvinnherad prestegjeld og i tida fram til 2001 var han prest på desse gudstenestene. Plassen var i det gamle tunet oppe i Skorpo, hos Johannes Hauge. Seinare vart gudstenesta flytta til Vågen hos Ole Kristoffer Vågen.

Dersom veret er fint, samlast alle i tunet i Vågen. I dårleg ver går ein inn på låven i lòa. Alle er velkomne til å vera med til Skorpo, anten med felles skyss eller i eigen båt. Det er ofte godt frammøte av feriegjester som er på hyttene sine.

På 7. søndag i trieningstida er teksten henta frå Lukas 15, 1 - 10. Bakgunnen er to likningar, om sauene som hadde rota seg bort og vart funnen og om kvinna som fann sylvmynten ho hadde mista. Både kvinna og gjetaren delte finnargleda med vener og grannar.

Gudstenesta på Skorpo plar vera ei oppleving, i eit tun og på plassen som har fått mykje merksemd i det siste med TV program og avis- og bladreportasjar.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal